

---

**Fra:** Sissel-Anny <sahjelm@online.no>  
**Sendt:** 21. april 2017 16:22  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** VS: Den gamle kyrkjegarden i Seim  
**Vedlegg:** Gamle kyrkjegarden på Seim.doc; Port gamle kyrkja.doc

Ser at denne e-posten til Lindås kommune hadde feil adresse.  
Vidaresender no.  
ds

---

**Fra:** Sissel-Anny [<mailto:sahjelm@online.no>]  
**Sendt:** 19. april 2017 12:23  
**Til:** 'lindas.kommune@online.no'  
**Emne:** VS: Den gamle kyrkjegarden i Seim

Til kulturavd i Lindås kommune

Sender over kopi av e-post sendt til fylkeskonservatorens kontor i Hordaland i dag.  
Vonar dette også kan vera interessant for dykk.

Venleg helsing  
Sissel-Anny Hjelmtveit

---

**Fra:** Sissel-Anny [<mailto:sahjelm@online.no>]  
**Sendt:** 19. april 2017 12:01  
**Til:** 'pereker@hfk.no'  
**Kopi:** 'torgeir.paulsen@lindas.kyrkja.no'  
**Emne:** Den gamle kyrkjegarden i Seim

Hei

Viser til telefonsamtale om den gamle kyrkjegarden i Seim.  
Den ligg i det gamle Seimstunet der Harald Hårfagre hadde kongsgard, og eg trur difor at den fyrste kyrkja der er utgama. Kyrkja er vekke, men me veit plasseringa.  
Kyrkjegarden er fint omkransa av steinmurar med steinportal. Inni er det mellom anna ein mosegrodd katolsk "gravstein" med solkors.

Kyrkjegarden vart freda av Riksantikvaren i 1998.

No held store tre, fleire av dei hestekastanjetre, på å sprengja ut murane og jorda.

Eg har sendt brev til soknerådet om at trea må bort. Dei er positive og vil samla inn pengar. Eg har på vegner av soknerådet sendt søknad til Sparebanken vest om stønad.

Ein dyktig lokal mann har teke på seg arbeidet til ein pris av kr 100 000. Han heiter Johannes Hopland og kom att frå Nordsjøen i går og er klar i morgon, om eg seier ok.  
Men me lyt venta og gjera det skikkeleg. Ikkje minst med tanke på fredinga, og at ein ikkje gjer noko som kan øydeleggja kulturminne. Den Trondhjemske postveg går rett på nedsida av kyrkjegardsmuren. Her er telefonstolpar som må vekk og ny provisorisk innkøyrse for traktor må lagast i nord på privat grunn. Grunneigar er ung og positiv og har mykje ulempe med lauv frå trea på kyrkjegarden, som ligg sør i tunet hans. Eg er filletanta hans.

Eg vonar du eller andre frå fylkeskonservatoren i Hordaland kan ta turen ut til Seim snarast for å sjå på kyrkjegarden i lag med Johannes Hopland, kyrkjevevjer Torgeir Paulsen, Arnulf Hjelmtveit frå Seim sokneråd og underteikna. Eg tek imot tidspunkt frå deg og prøver å koordinera møtet. Tysdag 25. april går ikkje. Og 29. april reiser eg og Arnulf på ferie. Vonar møtet kan verta før det.

Venleg helsing  
Sissel-Anny Hjelmtveit  
5912 Seim  
mob 977 61 037

Sjå vedlagte brev til soknerådet i Seim datert 9. januar 2017.